

Fem hjortar skote på Haugland

08.08.2008

Fem veker etter at søknaden var sendt inn fekk Haugland-laget løyve til å fella seks skadehjortar og har så langt felt fem. Viltforvaltarens brev kom til vald-leiinga tysdag i denne veka.

- Vi fekk løyve i seinaste laget, for no er vi ferdige med andreslåttan, seier Tor Ove Haugland, som har felt fire av dei fem hjortane.

Han felte dei to første på Haugland onsdag kveld og to til på området nedanfor kalkingsanlegget torsdag kveld.

- Og eg skal ut igjen fredag. kanskje tek eg den siste då, seier Tor Ove, som såg fem dyr i ein flokk den første kvelden han var ute etter hjorten.